Voss herad

# Kommunale vegar




Sondre Gjøstein
Driftsavdelinga - veg

VOSS
bygd for sterke opplevingar

Voss herad

# Bruer

- 119 bruer med varierande tilstand
- Det er utbetra 3 bruer siste året.
- Brukontrollane avdekkar stort etterslep – 40 mill på vedlikehald til eksisterande bruer
- Lågt budsjett til bruer
- Korleis bør me gripe ann etterslepet?

  - Nye bruer med høg bruksklasse?
  - Vedlikehalde dei gamle med låg bruksklasse?



VOSS

Voss herad





# Selheimsvegen

- Utfordrande undergang
- Gamal bru med låg bruksklasse – Kostnad ny bru ca 9 mill
- Bratt og krevjande kommunalveg
- Stor næring på Selheim
- Kva bør me gjera her?

  - Ny bru og undergang?
  - Ny veg frå Tverrberg?

VOSS

# Årmots-brua





- Avdekka låg bruksklasse etter bruksklassevurdering
- Støttar ikkje bruksklassen til dagens køyretøy
- Ingen teikn på skadar i konstruksjon
- Planlegg om mogleg å gjera tiltak på eksisterande bru for å kunne auka bruksklassen

Voss herad

# Såkvitne bru

- Avdekka låg bruksklasse – 5 tonn akseltrykk
- Ny bru i 2024 med 10 tonn akseltrykk
- Tilrettelagt for landbruk og næring med betre utforma bru
- Kostpris omlag 1.500.000,-







VOSS

# Dagleg drift






– Det ser greitt ut så langt, seier driftsoperatør Tor Arne Thingvoll Oppedal. Her inspiserer han ei stikkrenne på vegen opp til Bavallen. Foto: Vidar Herre



Voss herad

# Varierande arbeidsoppgåver






VOSS

Voss herad

# Planar me jobbar mot

## HOVUDPLAN VEG 2024-2031

## VOSS HERAD



KV KV1069 Vangsgata



KV1321 Giljavegen



Snøbrøyting KV1069 Vangsgata



Båbrua

## Trafikksikringsplan

## Voss herad



VOSS

bygd for alle

2022 - 2026

Voss herad

# Pågåande og planlagde prosjekt 2025

- Seimshagen
- Kryss mellom Brynalii og Hardangervegen
- Lekvemo-gata
- Båbrua
- Oppheimsbrua
- Utbyggingsavtalar




VOSS

Voss herad

# Seimshagen

- Utbetra VVA
- Nytt og betre fortau
- Står i Hovudplan-veg som ein av dei dårlegaste vegane i heradet.
- Planlagt oppstart i 2025
- Har søkt trafikksikringsmidler for delfinansiering av prosjektet



Voss herad

# Hardangervegen X Brynalii

- Kobla ihop fortau frå Hardangervegen mot fortau i Brynalii
- Søkt og fått invilga trafikksikringsmidlar til dette prosjektet
- Planlagt utført ila 2025



Voss herad

# Lekvemogata

- Utbetring av fortau i Lekvemogata i samband med nytt ljoskryss-arbeidet
- Fått innvilga trafikksikringsmidlar for å betra gangtilhøve I Lekvemogata



# Båbrua

- Søkt trafikksikringsmidlar til nytt og klatresikkert brurekkverk og nytt brudekke
- Tiltaket er forankra i Voss herad sin trafikksikringsplan
- Viktig gangakse mellom Tvildemoen og Vossevangen



# Oppheimsbrui

- Gamal kvelvingsbru frå slutten av 1700-talet
- Bygd ilag med postvegen
- Omfattande skader
- Midlar frå fylkeskommunen og statens vegvesen
- Opning april/mai i år 2025



# Utbyggingsavtalar







Voss herad

# Utbyggingsavtalar siste åra




- Brynalii 102 ny politistasjon i Fellesbakeribygget
- Husflidskulen
- Bjørkemoen
- Lundarvegen 21
- Flaten 16
- Vatletun
- Og fleire prosjekt er på gang!



# Omklassifisering kommunalveg → privatveg (og motsatt)

**Vedtak**

Kriterium for kommunale vegar som kan vurderast omklassifisert til private vegar:

1. Vegar utan heilårs fastbuande. Med fastbuande meiner ein her at ein fysisk må bu i ein bustad som matrikkelen har definert som bustad.
2. Vegar med låg trafikkbelastning (td. stikkvegar).
3. Vegar som ikkje er nytta til allmennyttige formål/interesser (td. tur/friluftsområde).
4. Bakgardar/gatetun/blindveg.

- Omklassifisering av kommunale vegar som sparetiltak i økonomiplan
- Korleis bør me gripe ann dette arbeidet?
  - Får stadig inn søknadar om privatvegar som vert ynskt kommunale.
  - Enkelte fylkeskommunale vegar kan ein òg forvente å overta i framtida. Eksempelvis stikkveg frå Bavallsvegen.
  - Utbyggingsplanar løyser òg ut nye kommunale vegar.
  - Bør ein ta dette ilag med strukturdebatten i kommuneplanen.



# Vinterstatus 24/25



- AutoReg – flåtestyring på vinterdrift
- Nye brøytekontraktar 29 kontraktar og ny instruks
- Driftsavdelinga har 3 roder sjølv + sentrum og kommunale plassar
- Kommunal brøyteinstruks med andre krav i forhold til SVV og VLFK-nasjonale føringar
- Forventningar/budsjett/brøyteinstruks

# Autoreg - flåtestyring av vinterdrift






Voss herad

# STRØ- OG BRØYTEINSTRUKS FOR VOSS HERAD 2024 – 2028

Vedtatt av heradsstyret 13.06.2024

### Sesong

Sesongen regulerer kontraktar og beredskap. Strøing og brøyting vert normalt ikkje utført utanfor sesongen. Det er sett fylgjande sesongar for strøing og brøyting:

| SESONG | Rodar lågare enn 200 moh | Rodar der heile eller delar er høgare enn 200 moh |
|---|---|---|
| BRØYTING | 1.desember - 31. mars | 1. november - 31. mars |
| STRØING | 1. november - 31. mars | 1. oktober - 31. mars |

* ved påske i april gjeld sesongen til og med påske. Det vert ikkje utbetalt beredskap for tillegget.

Ved særlege tilfelle kan Voss herad beordre tenester utanom sesongen.

### Brøyteinstruks

Det offentlege kommunale vegnettet skal normalt haldast rydda for snø på ein slik måte at normalt godt utrusta køyretøy og vinterskodde mjuke trafikantar kan ferdast sikkert.
Ved vanskelege vêrtilhøve, særleg ved skifte til mildvêr, kan det likevel førekomme vanskelege køyretilhøve og avvik. Førar av køyretøy er alltid ansvarleg for at køyretøy er skodde etter forholda.

| Pri. | Vegtype | Skal vere gjennombrøytt innan kl. | Start snøbrøyting ved | Gjennombrøytt innan snødjupn |
|---|---|---|---|---|
| 1 | Samlevegar i sentrumsområdet, gater og busstrasear | 06:30 (08:00 *) | 10 cm | 20 cm |
| 2 | Fortau, gang og sykkelvegar | 07:00 (08:00*) | 10 cm | 20 cm |
| 3 | Øvrige samlevegar og tilkomstvegar | 07:00 (08:00*) | 10 cm | 20 cm |

* Tider i parentes gjeld alle heilagdagar og sundagar jf kalenderen (alle raude dagar)

- Ved trong for prioritering skal vegklassane prioriterast frå øvst til nedst i tabellen. Elles skal alle vegane på roden gjennom brøytast etter den mest effektive ruta.
- Dersom berre delar av roden krev snøbrøyting etter instruksen, skal berre denne delen brøytast.
- Ved vêromslag til regn skal ein vurdera å avgrensa brøyteaktiviteten. Det skal ikkje utan avtale brøytast bort våt snø som avdekker ein farleg snø/issole som krev strøing straks etter.
- Ved melding om tungt/ langvarig snøfall kan ein vurdera å starta snøbrøyting før 10 cm.
- Snøbrøytinga skal elles skje i samråd med teknisk drift/vakt.
- Bommar på offentleg kommunalt vegnett skal stå opne i brøytesesongen.

### Kontrollmåling av snødjupn

Snødjupn skal målast ved å legge ein 1,5 m lang rettholt vinkelrett på køyreretninga, kor som helst i køyrebana. Rettholten skal trykkast ned til vegdekket eller til fast snø-issole.
Dersom snødjupna er større enn kravet langs meir enn halve rettholten skal det brøytast.

# Brøyting og strøing – Ny instruks

### Strøinstruks

Det offentlege kommunale vegnettet skal normalt vere strødd i ei slik utstrekning at normalt godt utrusta køyretøy og mjuke trafikantar kan ferdast sikkert. Gode vinterdekk og vintersko/broddar vert rekna som normalt god utrusting. Ved vanskelege vêrtilhøve, særleg ved rimfrost og skifte til mildvêr, kan det likevel førekomme vanskelege køyretilhøve og avvik.

- Utkall til strøing skal avklarast med Teknisk drift/vakt
- Ved trong for prioritering skal bussvegar og skulevegar prioriterast først, deretter fortau, sykkel og gangstiar før dei andre vegklassane.
- Det skal vanlegvis berre strøast inn til ein gong pr døger.
- Det skal vanlegvis strøast med knust strøsand innanfor fraksjon 2 - 8 mm.
- Det vert ikkje strødd med salt. Strøsand kan vere blanda i litt salt for å unngå frysing på lager.
- Ein skal vere tilbakehalden med strøing på rimfrost på asfalt då strøsanden fort vert køyrd ut av hjulspora/ køyrebana.
- Strøing og snømoking av fortau i Voss sentrum vert regulert av politivedtektene for Voss kommune

VOSS

Voss herad



# Forventningar frå innbyggarane

- SVV og FK har ein barvegs-strategi som gjer at me får eit større press på våre kommunale vegar
- Voss herad har vedtatt ein instruks som ikkje har dei same krava
- Driftsavdelinga får stort press og tilbakemeldingar frå innbyggarar dag og natt om for dårleg vintervedlikehald, sjølv om ein overskrid budsjettet med fleire millionar

Voss herad

# Utfordringar i budsjett

- Hovudplan-veg syner eit budsjettbehov til vinterdrift på om lag 12 mill
- **Kostnad vinterdrift 2024 → ca 12.1 mill**
- **Budsjett vinterdrift 2024 → 8.7 mill**
- Budsjett til vinterdrift er i dag for lågt
- Ein må halde igjen på andre poster for å ha nok til å dekke vinterdrifta. Dette går ut over vedlikehald og prosjekt av kommunal infrastruktur



VOSS